

Nye reglar køyre- og kviletid gjeld òg for dyrebilsjåførar

Nye reglar har trådd i kraft og det vil ha effekt på dyretransporten, spesielt i sanketida. Det ser ut til at veldig mange beitelag kjem til å sanke samstundes, helga 7.-8. september. Nokon byrjar torsdag og nokon laurdag, men uansett er det veldig mange dyr som skal køyrast på få dagar.

Næringa har teke initiativ til å informere og diskutere kva dei nye reglane har å sei i praksis. Kort oppsummert er reglane slik:

- Sjøføren kan køyre maksimalt 9 timar per dag. To dagar i veka kan det strekkast til 10 timar/dag.
- Den vekentlege køyretida er summen av all køyring mellom to vekekvilar. Den kan maks vere 56 timar og ila to veker kan den ikkje overstige 90 timar.
- Kvar dag må sjøføren ha ein pause på 45 min for kvar 4,5 time han/ho har køyrd. Ved 10 timarsdag vert det 3 pausar på 45 min.
- Kvar veke må sjøføren kvila minst 45 timar. Vekekvila kan vere på 24 timar mot at ein tek att dei kviletimane ila den same månaden.

Mykje av dyretransporten er det Nortura og Fatland som tek seg av, om det er til direkte til slakteri eller heim til garden. I dialog med dei kjem det fram at det kan verte hektisk i september og at alle beitelag som tingar køyring må vere førebudd på at ein ikkje alltid vil få bil når ein ynskjer det.

Gode råd og moglege tiltak er:

- Ha god dialog med transportøren! Gje tidleg og tydleg beskjed kva de ynskjer og gje beskjed om evt. endringa så raskt som mogleg (endre dyretal, klokkeslett osv).
- Om det er mogleg: legg hovdusanking til ein annan helg enn 7.-8. sept., evt. på vekedagar i staden for helg. (då må ein del sjåførar kanskje ha vekekvila si).
- Sørg for gode høve til lasting av bil. Sett dyra som skal på bil i eigne gardar.
- Ha lys på lasteplassen; ein kan gjerne laste dyr etter det er blitt mørk om ein har lys.
- Vurder om det er mogleg å la dei vaksne sauene stå eit par dagar før dei skal heim. Hugs på vatn, fôr og ly, men elles kan dei fint stå på hegne.
- Ikkje send dyr utan merke eller ikkje er transportdyktige.

Kapasiteten til å køyre dyr er der, men kanskje ikkje på det tidspunktet ein har tenkt.

Ta kontakt med:

Nortura v/K. Håkull: 971 65 537

Veland transport: 480 48 720

Fatland v/H. Haaland: 982 42 214